



H Sandvik Entreprenør AS  
Galteråsen 4  
5916 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/832 - 18/13017

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

27.06.2018

## Løyve til oppføring av forstøtningsmur - gbnr 133/35 Soltveit søndre

### Administrativt vedtak. Saknr: 185/18

**Tiltakshavar:** Svarre Almelid Mjeldstad

**Ansvarleg søkjar:** H Sandvik Entreprenør AS

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av forstøtningsmur langs oppkøyrseil til eigedommen. Opphavlege søknad vart motteke her den 08.03.2018. Teknisk drift var på synfaring på staden 02.05.2018, der de fant at omsøkte løysing ikkje kunne godkjennast grunna mellomanna siktforhold.

I revidert søknad er det søkt om støpt betongdekke støtta opp av gråsteinsmur og betongsøyler.

Det er sendt inn revidert søknad motteke her den 30.05.2018

Det vert elles vist til revidert søknad motteken 30.05.20182018.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Alverstraumen er definert som bustadområde.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn slik uttale frå Lindås kommune v/Teknisk Driftden 01.02.2018:

I følgje avdelingsleiar VA, er det 2 tiltak som vert godkjent:

- Mur må vere forankra i fast fjell eller
- Det må gravast og lagast fundament for muren som ligg like lavt som botn av det offentlege VA-nettet.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 30.05.2018.

Muren har tilnærma lik lengde som opphavlege mur, men er trukket inn i frå veggen. Vidare var det opphavleg søkt om å sprengje vekk eit areal for å betre oppstilling av bil før utkøyrsløse, det er opplyst at dette utgår i revidert søknad.

### **Vatn og avløp (VA)**

Ikkje søkt om endringar for VA-løysinga til eigedomen.

### **Tilkomst, avkøyrsløse og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Avkøyrsløse til offentlig veg er godkjent av vegstyresmakta i sak 18/225 datert 22.06.2018. Løyve er gjeve på vilkår.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønner har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for oppføring av betongdekke/parkeringsareal på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 30.05.2018 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Løyve til avkøyrsløse og knytt til dette vilkår jf. Sak 18/225 datert 22.06.2018 er ivareteke
3. Tiltaket er i samsvar med dispensasjonsvedtak for byggjegrænse mot kommunal veg saknummer 18/1929 datert 25.06.2018.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/832**

#### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### **Bortfall av løyve**

*Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

#### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

#### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

H Sandvik Entreprenør AS  
Svarre Almelid Mjeldstad

Galteråsen 4 5916  
Gangstøvegen 6 5911

ISDALSTØ  
ALVERSUND